



Årsmelding 2021

Laget er tilslutta Hordaland sogelag, Landslaget for Lokalhistorie og Landslaget for lokal- og privatarkiv. Sogelaget held møta sine i heradshuset på Evanger.

Årsmøtet vart halde i heradsstyresalen i heradshuset på Evanger 15.april kl. 18. Det møtte 7 medlemer. Det låge talet på fram møtte hadde sin bakgrunn i pandemien. Det var påmelding til årsmøtet, og styret hadde sett ei grense på 10 møtedeltakarar; dette med bakgrunn i nasjonale smittevernreglar.

Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynskte alle velkomne. Grethe sto for leiing og gjennomføring av møtet.

Møtelyden starta med 1 minutt stille for ein medlem som var gått bort: Gunnar Ekse.

Årsmelding 2020: Kåre Olav Aldal las opp årsmeldinga, som og var kopiert opp og utdelt. Det var ingen merknader til årsmeldinga, som vart godkjent av møtelyden.

Økonomi. Svein Mykkeltvedt delte ut samandrag av rekneskapen for 2020, og gjekk gjennom kvar enkelt post. Det har vore lite utgifter dette året, så kapitalen har auka med kr 126.161,31. Det var ingen merknader til rekneskapen.

Innkome saker: Ingen.

Kåseri. På grunn av situasjonen med pandemi vart det ikkje kåseri på dette årsmøtet.

Vedlikehald.

Knute Nelson-stova: Trapp og inngangsparti har lenge vore til forfall. Dette har forverra seg dei siste åra. Voss herad har kontakta firmaet Stibbyggjaren ved Geir Vetti. Dei har sagt at dei kan ta på seg jobben med reparasjon. Geir Vetti nyttar sjerpaer frå Nepal til stibbygging. På grunn av korona og reiserestriksjonar måtte dette arbeidet setjast på vent. Geir Vetti har no lova at arbeidet skal verta utført våren 2022.

Elles har Knut Mestad frå Vassvøri sogelag utført slått rundt husa.

Biletarkiv.

Arbeid med å leggja inn bilete i digitalt arkiv (Vestland fylkeskommune sitt webarkiv for foto) er under arbeid. Olav Edal, Grethe Finsrud Agerlie, Dag Finne og Kåre Olav Aldal utfører dette, og det er no lagt inn om lag ca 250 av 500 bilete. Dag Finne er kontaktperson mot Fylkesarkivet. Bileta som er lagt inn kan no søkjast opp av alle. Dette er ein møysommeleg jobb, særleg med bilete der det er mange personar.

Tilskippingar:

Evangerlaurdag måtte også dette året avlysast på grunn av korona.

Kulturvandring: 29.september var det kulturvandring på Hernes. Det møtte 20 medlemmer i strålende haustver. Turen starta på Væle, ved det nye kraftverket. Jorunn Ringheim Hernes og Ivar Hernes hadde fått oppdrag som guidar. I tillegg bidrog Per Eskeland med sin lokalkunnskap. Me gjekk den gamle ferdselsvegen mellom Evanger og Hernes, som no vert nytta som stølsveg og turveg. Undervegs vart me fortalt om ymse hendingar, og me fekk sjå fleire restar etter husmannsplassar, i alt fire plassar. Me var og innom tunet heime på Hernes og fekk helsa på dei nye eigarane av bruket der Ivar er frå. Ved Storevika var det rast med matøkt. Siste del av turen gjekk langs den gamle jernbanelina, som no er kommunal og lokal veg. Ein fin tur, med god informasjon heile vegen av Jorunn, Ivar og Per.



Ivar fortel om Purkesteinen på Hernes

Middag for pensjonistar. 23.november spanderte Sogelaget middag for pensjonistar med fylgje. Bakgrunnen var at alle kommunar dette året hadde høve til å søkja Staten om midlar til middag for pensjonistar. Men Voss herad hadde forsømt seg når det gjaldt søknad. Styret bestemte difor at Sogelaget skulle spandere middag. Det vart lagt opp til å arrangere dette på Brekklus, Evanger og Bolstad, der kvar grend skulle stå for arrangementet. Men på Brekklus var det vasslaust i Ungdomshuset, og på Evanger var det for få påmelde. På Bolstad var det påmeldt over 30 personar. Dei som hadde meldt seg på på Evanger og Brekklus deltok i staden på Bolstad. Så totalt var det 40 personar som fekk servert middag i bedehuset. På menyen sto Evangerkorv samt potestappa frå Verpelstad (kortreist mat) og dessert. Evanger Pølsefabrikk støtta tiltaket med bra rabatt på korv. Det var underhaldning av Arne Johan Dregelid.

Andre arrangement:

13.og 14.november vart det arrangert Vossamarknad i dei tidlegare lokala til Eldhus. Her var Sogelaget med og selde bøker.

28.november; 1.søndag i advent, var det jolemarknad på Bolstad. Her var og Sogelaget på plass og selde bøker.

Laurdag 11.desember vart det arrangert bokmarknad i Ungdomshallen på Vangen. Her vart mange nye bøker lagt ut for sal, både av private personar og av lokale lag. Maya og Grethe var til stades og selde bøker for Sogelaget. Det var ikkje det heilt store frammøtet grunna nylege nasjonale korona-tiltak. Men ein del bøker vart selde her og.

Sogeskiftet «Frå fjell til fjord»:

Etter noko feilsending og detektivarbeid av kasserar kom sogeskiftet i hus laurdag 27.november. I år vart det i tillegg prenta eit eige hefte: «Ord og uttrykk i Vassvøri», forfatta av Knut Hjørnevik. Heftet var ei gåve til medlemmane, og vart seld på forretningar saman med «Frå fjell til fjord».

Sogeskiftet hadde, som vanleg, mykje godt stoff om ulike tema. Skriftnemnda har, saman med Jorunn Hauge, gjort eit grundig arbeid med redigering og oppsetjing av boka. Olav Edal må nemnast særskilt når det gjeld bilete og bilethandsaming. Ottar Bergstad må og nemnast, med trufast innsats når det gjeld sal av boka. Omtalen i avisa Hordaland var meir beskjeden i år, noko Sogelaget ikkje er nøgd med. Avisas omtala fleire lokale sogeskift i same utgåve, der «Frå fjell til fjord» fekk lite spalteplass i høve til andre.

Ymse

Årsmøte i Hordaland sogelag og lokalhistoriske dagar på Stord 16.og 17.oktober

Vassvøri sogelag var her representert ved Guri og Øivind Teigen. Dei har i fleire år stillt opp og representert sogelaget på desse samlingane.

Knut Hjørnevik har sidan 2004 vore med i skriftnemnda, og har gjort ein stor innsats med mange gode artiklar i årboka. I tillegg har han skriva om ord og uttrykk i Vassvøri, som vart trykt som eige hefte i år. I slutten av 2021 sa han frå seg vervet som medlem i skriftnemnda. I dette høvet fekk Knut den 20.desember overlevert gåvekort og blommar som takk for innsatsen. Gåva vart overrekk på Vossestrand Omsorgssenter, der Knut budde då.

På Heimesida til Sogelaget finn ein aktuelt stoff som: Presentasjon av sogelaget, aktuelle tilskipingar, bøker for sal, lagssoge, oversikt over tidlegare artiklar i sogeskiftet mm. Heimesida har nettadressa: www.vassvørisogelag.org.

Facebook. Sogelaget har eiga gruppe på Facebook, der det vert lagt ut aktuelle saker, bilete, møteinnkalling mm. Namnet på FB-gruppa er Vassvøri sogelag.

Møter. Styret har i 2021 hatt 5 styremøter.

Takk for innsatsen: Grethe delte ut gaver til skriftnemnda, som takk for godt arbeid. Det vanka og gåve til Ottar Bergstad, som gjer ein stor innsats ved sal av sogeskiftet.

Talet på medlemmer. Pr 31.12.2021 hadde sogelaget 103 medlemmer.

Styret i 2021 har vore:

Leiar: Grethe Finsrud Agerlie, valt for 1 år i 2021

Nestleiar og styremedlem: Knut Mestad, valt for 2 år i 2021

Kasserar og styremedlem: Svein Mykkeltvedt, valt for 2 år i 2020

Skrivar og styremedlem: Kåre Olav Aldal valt for 2 år i 2020

Styremedlem: Dag Finne, valt for 2 år i 2021

Varamedlemer: Kjellaug Århus og Kåre Tufte, begge valt for 1 år i 2021

Valnemnda for 2021 har vore: Anny Forthun, leiar. Valt for 3 år i 2018. Jan Rasdal, valt for 3 år i 2019. Torild Finsrud Velure, valt for 3 år i 2020.

Ny valnemnd: Leiar: Anny Forthun, valt for 3 år i 2021. Jan Rasdal, valt for 3 år i 2019. Torild Finsrud Velure, valt for 3 år i 2020.

Revisorar: Ivar Hernes, attvald for 1 år i 2021 og Norvald Lien Mugås, attvald for 1 år i 2021.

Horvei 15.februar 2022

Kåre Olav Aldal

skrivar